

## HØYRINGSINNSPEL

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Utdanningscenteret (studieadministrasjonen), nærregion Stord/Haugesund Kontor for etter- og videreutdanning er ein del av Utdanningscenteret, men leverer eige høyringssvar saman med dei andre EVU/EVO-kontora.
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Høyring vidaresendt til alle tilsette 19. des. Kontormøter på begge studiestader i veke 1.
<b>Innspelet</b> Bruk fleire sider om det trengs	

Utdanningscenteret nærregion Stord/Haugesund har 25 tilsette og leverer studieadministrative tenester til kampus Stord og kampus Haugesund.


**Dei to modellane (kap. 4)**

Arbeidsgruppa sitt mandat er å presentere to til tre ulike modellar for administrativ organisering. Slik me ser det vert det her berre presentert éin modell, men i to variantar der det er plasseringa av nokre få oppgåver som er skilnaden. Til dømes er det ingen forskjell i dei to modellane for dei studieadministrative tenestene. Dersom det skal leggas fram minst to ulike alternativ til administrativ organisering, bør alternativa i større grad kunne skiljast frå kvarandre. Andre moment å ta med kan til dømes vere type organisering og ulike variantar av organisering på studiestad.


**Vurdering av modellane (kap. 5)**

Me meiner det er store fordeler med modell 1 med vekt på fellesadministrasjon samanlikna med modell 2 med vekt på fakultetsadministrasjon. Modell 2 passar godt i dei tilfella der eit fakultet er geografisk samla, men i HVL sitt tilfelle skal fakulteta drive utdanning på opp til fire ulike studiestader fordelt over ein heil landsdel. Dette vert ytterlegare utfordrande av at HVL har ein studiestad som er mykje større enn dei andre fire. Ved fleire studiestader vil aktiviteten til nokre fakultet i tillegg vere for liten til å oppretthalde eit solid administrativt fagmiljø. Det er naturleg at det vil vere ulike omsyn å ta på store og små studiestader, og den administrative organiseringa må difor ha som mål å finne løysingar som i størst mogleg grad passar for *alle* studiestadane. Det vil uansett bli ein komplisert organisasjon, og då bør ein velje løysingar som ikkje gjer ting meir komplisert enn naudsynt. Me meiner difor at studiestadane må stå i fokus når ein skal vurdere organiseringa. Dette er også i samsvar med fusjonsavtalen som seier at administrative funksjonar skal vere

tilpassa aktivitet og kompetansebehov på studiestadane. Dei følgjande to figurane illustrerer på ein forenkla måte kor mykje meir komplisert tilhøva på kvar einiskild studiestad vil kunne vere, dersom administrative tenester fyrst skal delast på fakultet og deretter distribuerast til studiestadane.



Figur 1 Administrative tenester fordelt til studiestadane frå fellesadministrasjon



Figur 2 Administrative tenester fordelt til studiestadane frå fakultet

Det er store forventningar til dei administrative tenestene i HVL. Mellom anna seier «Prosjekt Fagleg og administrativ organisering» sitt overordna mandat at: «Løysingane som vert føreslått skal bidra til effektivisering og avbyråkratisering i verksemda, i tråd med gjeldande krav frå styresmaktene som nedfelt i tildelingsbrevet». Det er ikkje grunn til å tru at slike forventningar vert mindre i framtida. Dersom dei administrative tenestene i HVL skal bli så robuste, så profesjonelle og så effektive som alle forventar, er det naudsynt å hente ut dei stordriftsfordelane ein kan – ikkje minst med tanke på å vere budd på ytterlegare høge krav i framtida. Ei oppstyking av administrativt tilsette på fakulteta trur me difor totalt sett vil gje fakulteta dårlegare tenester. Eit døme på dette er erfaringane UiS har gjort seg i sitt arbeid med omorganisering av dei administrative tenestene, der dei mellom anna peiker på følgjande ulemper ved modellen dei har i dag der mykje administrasjon er lagt til fakulteta og institutta<sup>1</sup>:

<sup>1</sup> [http://ansatt.uis.no/getfile.php/Ansattsider/Vedlegg/OU%20og%20strategi/H%C3%B8ringsnotat\\_OU%20prosjektet.pdf](http://ansatt.uis.no/getfile.php/Ansattsider/Vedlegg/OU%20og%20strategi/H%C3%B8ringsnotat_OU%20prosjektet.pdf)

## Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

- *Relativt kostnadsintensiv*
- *Krevende å få til god koordinering og samhandling mellom ulike nivå og enheter. Dette gjelder også prosesser som involverer flere sentrale enheter.*
- *Mange ulike praksiser lokalt - vanskelig å oppnå standardisering og likebehandling på en del områder*
- *Små fagmiljøer, som gir større sårbarhet og dårligere kontinuitet ved fravær og vakanser*
- *Krevende å bygge opp og vedlikeholde tilstrekkelig kompetanse på oppgaver som ivaretas mange forskjellige steder i organisasjonen*

For å hente ut dei beste gevinstane må difor dei administrative fagmiljøa óg få lov å fusjonere i motsetnad til å bli splitta opp. Ei oppdeling slik modell 2 legg opp til vil særleg gjere likehandsaminga utfordrande, noko som fyrst og fremst går ut over studentane. Sjølv om HVL vert ein stor institusjon med store fakultet, vil dei fleste administrative faggruppene vere 20-25 personar eller mindre. Dette er gruppestorleikar som legg godt til rette for mindre sårbarhet, større fleksibilitet, god likehandsaming, mangfald i fagmiljøet og gode høve for kompetanseheving – viktige faktorar for å oppnå dei beste tenestene.

Ei organisering av administrative tenester i ein fellesadministrasjon er på ingen måte ein motsetnad til tenester tett på studentar og tilsette. Uavhengig av storleik på institusjon og avdeling, oppstår det eit tett samarbeid med fagavdelinga der ein administrativt tilsett i ein fellesadministrasjon har alle sine arbeidsoppgåver knytt til same fagavdeling og -område. Dette har HSH hatt gode erfaringar med gjennom mange år. Me opplever at fagleg tilsette er nøgde med dei administrative tenestene dei får og fastheld difor at dette vil vere ei god løysing for HVL.

### **Generelt**

Mandatet til arbeidsgruppa er i stor grad fokusert på arbeidsoppgåver og i mindre grad prinsipp for arbeidsprosessar og organisering. Me vil difor oppmoda styringsgruppa for prosjektet til å vurdere om ikkje innrettinga på mandatet bør justerast noko, slik at rapporten og dei ulike modellane som skal danne grunnlaget for høgskulestyret sitt vedtak om administrativ organisering inneheld fleire prinsipielle moment. Dømer på dette kan vere ulike typar organisering som linjeorganisering, matriseorganisering og funksjonsorganisering.

I rapporten er det nemnd at andre institusjonar sine erfaringar har vore med å danne grunnlaget for drøftingane i arbeidsgruppa. Så langt me kan sjå er ikkje desse erfaringane med i rapporten. Erfaringar som andre institusjonar har gjort seg med administrativ organisering, bør vere ein tydeleg del av avgjerdsgrunnlaget til høgskulestyret.

Avslutningsvis vil me oppmoda arbeidsgruppa til å stille spørsmål ved ønskjer og påstandar kjem fram i høyringa, slik at det er grunngevingane som vert gjenstand for vurdering og ikkje berre påstandane. Erfaringa vår tilseier at det i mange tilfelle ikkje er modellen for administrativ organisering som er utfordringa, men heller mangel på forventningsavklaringar og god dialog.